



Haugen Barnehage
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 17/28817

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
19.10.2017

Varsel om tilsyn i Haugen barnehage

Tilsynet vert gjennomført etter Barnehagelova med forskrifter og er heimla i §§ 8 og 16.

Dato for tilsyn: Tysdag 14.11.2017.
Avsett tid: 09:00 – 14.00.

Frå tilsynsorganet kjem Astrid N. Sylta Lindås kommune og Åshild Hope Herland, som er ekstern tilsynsførar frå Austrheim kommune.

Gjennom kontroll med barnehagen sin praksis og etterleving av dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

Siste tilsyn med barnehagen var i 2015.
Tilsynet vert utført ved gjennomgang av innhenta dokumentasjon, synfaring og intervju.

Hovudtema for tilsynet i dykkar barnehage vert, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk*
- *Kommunikasjon, språk og tekst*

Dersom det vert avdekka lovbrøt, vil barnehagen få eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Barnehagen vil deretter få rimeleg frist til å rette det ulovlege tilhøvet før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet vert opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

Dato	Plan
31.10.2017	Frist for innsending av dokumentasjon til Lindås kommune
14.11.2017	Opningsmøte kl 09.00
14.11.2017	Gjennomføring av intervju



	Utending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbro
	Sluttmøte
	Frist for kommentarar frå barnehagen
	Utending av endeleg tilsynsrapport, eventuelt med frist for retting

Fastsetjing av datoar, sjå tabell over, må gjerast når tilsynet er gjennomført.

Kommunen tek atterhald om endringar i planen, og vil halde barnehagen informert om eventuelle endringar.

Kryss av	Metode for tilsyn
x	Synfaring inne og ute
x	Formøte med alle deltakarane. Fokus på føremål og opplegg.
x	Intervju av personar på ulike nivå i organisasjonen.
x	Stadfesting om rutinar vert følgde slik det er opplyst om.
x	Oppsummering

Tal personar	Kven ?
	Barnehageeigar
1	Styrar i barnehagen
1	Pedagogiske leiarar
1	Barne- og ungdomsarbeidarar
1	Assistentar
1	Foreldrerepresentantar
	Barneintervju

Endeleg intervjuplan vil verte utarbeidd i samarbeid med barnehagen.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege jfr offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vert publisert på Lindås kommune si heimeside / postliste.

Innsending av dokumentasjon

Lindås kommune ber dykk sende inn den dokumentasjon som går fram av lista under:

	Dokument:
	Gjeldande vedtekter
	Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse mv.
	Oversyn over barn, alder og opphaldstid
x	Barnehagen sin årsplan, elektronisk
	Årsrapport/evaluering av verksemda
x	Anna relevant dokumentasjon knytt til tema språk og kommunikasjon
	Ståstadsanalyse
	Handlingsplan mot mobbing

	Resultat av brukarundersøking
	Plan for gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak
x	Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon
x	Kompetanseplanar
	Plan for overgang barnehage/skule

Dokumentasjonen som skal sendast inn kan berre unnatakast frå offentleg innsyn i den grad dette er heimla i offentlegheitslova.

Kontaktperson for barnehagen er : Kata Klementsén.

Spørsmålet om tilsynet kan rettast til Astrid Namtvedt Sylta Lindås kommune
tlf: 56375158 / 91114667
e-post: syas@lindas.kommune.no

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon om tilsyn med barnehage

Mottakarar:

Haugen Barnehage

5914

ISDALSTØ